



Onsdag vert det ei ny yoga-økt i vakre naturkulisser.

Sist onsdag var det ein svært vellukka yoga-time med instruktøren Lene Simonnes på Låganåso. I dei vakre naturomgjevnadene vart dette ei spesiell og fin oppleving. Neste onsdag, 2.august, er det muligheter for ei ny fin yoga-oppleving. Då skal Lene Simonnes ha ein ny time, denne gongen er det på sletta ved skulemusèet på Haugland.



Yogaen vil føregå på denne sletta ved skulemusèet.

Det var 13 deltakarar som var med på yogaen på Låganåso sist onsdag. Dei kom frå store deler av Kvinnherad; - Halsnøy, Valen, Sunde, Husnes, Uskedalen og Omvikdalen. Lene Simonnes fortel at dei hadde ein fin tur og ei god økt med yoga på Låganåso. Sporadisk i den stemningsfulle økta var det lett regn. Deltakarane var så opptatt av å gjera yoga at det vart lite fotografering, og vi har ikkje fått tak i bilde frå det, men etter det vi kjenner til, var det med journalist frå Kvinnheringen. Dermed kan vi nok sjå fram mot ein fin reportasje i avisa deira kommande veke.

Onsdag er det klart for ny yoga-økt frå kl 18 til 19.30. Instruktøren har i dag vore på rekognosering, og det vil føregå på området ved Skulemusèet på Haugland. Der er ei fin grasslette ikkje langt frå susen frå Uskedalselva. Lene Simonnes gleder seg til dette, og ho håpar mange vil vera med også denne gongen. Påmelding kan gjerast via heimesida hennar www.simonnes.com, og de kjem direkte inn til arrangementet ved å klikka [HER](#).

Dersom det vert dårleg ver, vert yogaen inne i forsamlingshuset Vonheim der Lene har hatt yogatimar tidlegare. Frammøtet vert i alle tilfelle ved Vonheim/skulemusèet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Siren Simonnes